



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Det er viktig å ha fokus på motorikk!
It's important to have focus on motor
skill!

Joachim Borsholm Hyllestad

Kandidatnummer: 13

Barnhagelærer

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar Kjersti Johannesen

03.01.2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Innholdsliste

BACHELOROPPGÅVE	1
1.0 Innleiing	3
1.1 Problemstilling	3
1.2 Avgrensing.....	3
1.3 Begrepsavklaring	3
2.0 Teori	4
2.1 Korleis lære motorikk?	4
2.2 Moglegheiter for motorisk utvikling i forskjellige miljø	4
2.3 Planlegging i barnehagen.....	5
2.4 Korleis motivere barnet til motorisk utvikling?	6
2.5 Vaksen deltaking i barnas leik.....	7
3.0 Metode	9
3.1 Metodeval	9
3.2 Intervju.....	9
3.3 Utval.	10
3.4 Etske omsyn	11
3.5 Relevans og pålitelegheit.....	11
3.6 Pilotstudie	11
4.0 Empiri	12
4.1 Motorikk	12
4.2 Miljø for motorisk aktivitet.....	12
4.3 Planlegging	13
4.4 Vaksenrolla	14
5.0 Drøfting	15
5.1 Motorikk	15
5.2 Kvifor er miljø viktig for motorisk utvikling?	15
5.3 Planlegging i barnehagen.....	16
5.4 Syn på vaksenrolla i høve til motorisk læring og utvikling	18
6.0 Avslutning	19
6.1 Framtidsperspektiv.....	19
7.0 Litteraturliste:	20
8.0 Vedlegg	22
8.1 Intervjuguide	22
8.2 Samtykkeskjema.....	23
8.3 Pilotstudie	24

1.0 Innleiing

I rammeplanen står det at barnehagen skal bidra med å vidareutvikle motoriske ferdigheiter (Kunnskapsdepartementet,2017). På bakgrunn av det vil eg prøve å finne ut korleis motorisk utvikling og læring blir prioritert i barnehagen. I mi oppgåve skal eg sjå på korleis pedagogar legg til rette for motorisk læring og utvikling.

Etter snart 3-års bachelorstudium har eg fått mykje fagleg kunnskap og erfaring. Gjennom fleire praksisperiodar har eg reflektert over kva moglegheiter barn har til å utøve motorisk aktivitet. Eg har opplevd at barna brukar mykje tid inne på dei ulike avdelingane, og eg har sakna fokus på planlegging til motorisk utvikling.

1.1 Problemstilling

Denne bacheloroppgåva handlar om korleis pedagogar legg til rette for motorisk aktivitet.

”Korleis jobbar pedagogar med barn si motoriske utvikling og læring?”

Årsaka til at eg har valt den problemstillinga er at eg nysgjerrig på korleis pedagogar jobbar med motorikk. Noko eg har lagt merke til i mine praksisperiodar er at det er veldig forskjellig kor stort fokusområde motorikk har, og på bakgrunn av det så har eg valt å intervju ein pedagog på ein tradisjonell avdeling og ein pedagog på ei friluftsavdeling.

1.2 Avgrensing

I denne oppgåva ynskjer eg å sjå på likheiter og ulikheiter når det gjeld kva innverknad barna sitt leikemiljø har for motorisk utvikling, korleis pedagogar planlegg motorisk aktivitet, og korleis vaksendeltakinga er i barna sin leik.

Problemstillinga er formulert med tanke på å drøfte pedagogiske leiarar sitt arbeid med å legge til rette for motorisk aktivitet hos barn, uansett ferdigheitssnivå. Eg har valt å ikkje gå inn på barn med motoriske vanskar.

1.3 Omgrepsavklaring

Motorikk: blir rekna alt som har å gjere med bevegelsane av kroppen vår (Sigmundsson & Pedersen,2000:13).

Motorisk utvikling: er endring i motorisk åtferd over tid (Haga & Sigmundsson,2004 i Osnes m.fl,2015:117).

Motorisk læring: Det er eit sett av øvingar og erfaringar over tid som gjer at barnet lære seg ein motorisk ferdigheit (Schmidt,1991 i Osnes m.fl,2015:117).

2.0 Teori

I teorikapitlet vil eg belyse kva som er viktig for å lære motoriske ferdigheiter. I tillegg vil eg skrive om kva miljø barnehagebarn får kjennskap til gjennom tida i barnehagen, og til slutt vil eg skrive om vaksenrolla i leik og planlegging.

2.1 Korleis lære motorikk?

Ein teori som har hatt stor innverknad på korleis ein tenker om læring av motorikk er dynamisk systemteori. Den går ut på at det dynamiske samspelet mellom korleis individet beveger seg, bevegelseoppgåva som skal gjerast og kva miljø det føregår i (Newell,1986; Thelen & Smith,1994 i Haga,Trana & Sigmundsson,2016:37).

Det er ikkje berre bevegelse og utvikling som er avhengig av kroppen for å gjennomføre bevegelsen. Kroppen sitt samspel med miljøet sine rammebetingelsar har synt seg å vere viktig (Haywood & Getchell,2014; Kamm, Thelen & Jensen, 1990 i Haga,Trana & Sigmundsson,2016:37).

Edelmann(1992) hadde ein teori om læringsprosessen for å beskrive endringar og tilpassingar som skjer i nervesystemet ved utvikling (Edelmann,1992 i Haga, Trana & Sigmundsson,2016:37).

Utifrå den teorien laga Henderson & Sugden (1992) ein modell som tok for seg dei ulike stega i læringsprosessen. Forstå ferdigheita, tileigne seg og forbetre ferdigheita, automatisere ferdigheita og generalisere ferdigheita. Dei ulike stega vil kunne vere flytande i kvarandre, men modellen vart sett opp for å tydeleggjere dei ulike fasane. Kor barnet blir plassert i læringsprosessen er avhengig av kor mykje trening og læring dei har og skal lære (Henderson & Sugden,1992 i Haga, Trana & Sigmundsson,2016:37).

2.2 Moglegheiter for motorisk utvikling i forskjellige miljø

I barnehagen vil barnet møte forskjellige typar terreng. Alt i frå tre, røter og steinar i naturen. I barnehagen sitt uteområde kan ein finne leikestativ, sklie og huske. Terrenget i uteområdet kan variere frå heilt plant til ulendt terreng. Inneområdet i barnehagen kan vere avgrensa med motorisk aktivitet, men barnehagen kan til dømes ha gymsal tilgjengeleg for bruk. I dette kapitlet fokuserer eg først og fremst på barnehagen sitt uteområde og naturen.

I barnehagelova § 2 står det følgjande om barnehagen sin tilrettelegging for kroppsleg leik, som kan relaterast til motorisk aktivitet.

”Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser” (Kunnskapsdepartementet,2005).

I ein del barnehagar er barna mykje inne. Der er det ofte restriksjonar om korleis barna kan leike og det kan vere barn i mange ulike aldrar på same avdeling. Der kan ofte vere lite areal som barna kan bevege seg fritt i. Det vil vere avgrensa plass som barna har å utfolde seg i. Derfor er det ei utfordring å skape gode leikemiljø inne i barnehagen, som innbyr til utvikling og læring av motorikk (Osnes m.fl,2015:179).

I uteområdet i barnehagen har barna større moglegheiter for å utfolde seg fritt. Dei får større areal som dei kan boltre seg på. Det har eit meir variert underlag, og uteleikeplassen er ein viktig arena for å gje moglegheiter for varierte og allsidige bevegelse erfaringar (Osnes m.fl,2015:180). På uteleikeplassen er det lettare for barn å finne noko å krype under, klatre over og klatre opp i, henge og slenge, huske, skli og ake, hoppe, springe, balansere og sykle (Osnes m.fl,2015:179-180). I barnehagen sitt uteområde er det større areal og dermed moglegheit for meir plasskrevjande leikar (Osnes m.fl,2015:180).

Om leikeområdet i barnehagen er lite kan det vere skadeleg for omfanget og kvaliteten på aktivitetane som barn gjennomføre i uteområdet til barnehagen(Storli,2013:341).

Naturen har eit variert miljø med uendelege moglegheiter og utfordringar (Fjørtoft,2000a i Fjørtoft,2013:187). Eit omgrep som blir brukt i naturen er "affordances" som er ein teori som Gibson(1979) har. Omgrepet går ut på at det er ei innbyding, invitasjon eller eit mogleg handlingsrom mellom miljøet og individet (Gibson,1979 i Osnes m.fl,2015:170). Eit døme kan vere eit greina tre som barn vil sjå moglegheita til å klatre i, eller ein stein som dei kan klatre på eller krype under. Snø er ein "affordances" som barn får moglegheit til å leike med i vinterhalvåret og som innbyr til mange aktivitetar. Dei kan til dømes lage ein snømann, dei kan ake ned ein bakke eller gå på langrenn (Fjørtoft,2013:187).

Gibson (1979) fortell vidare at barn oppfattar aktivitetmoglegheiter i det fysiske miljøet ut i frå kva dei kan klare, både med tanke på kroppstørrelse, styrke, motoriske ferdigheiter og psyke (Osnes m.fl,2015:170). Motorisk åtferd lærast gjennom samspel mellom omgjevnadane og korleis individet oppfattar omgjevnadane (Fjørtoft,2013:186).

2.3 Planlegging i barnehagen

Planlegging i barnehagen er viktig for at personalet skal vite korleis barnehagekvardagen skal drivast. Alt planleggingsarbeid må ta utgangspunkt i lov om barnehagar (Kunnskapsdepartementet,2005 i Osnes m.fl, 2015:45) og Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet,2011 i Osnes m.fl,2015:45).

Med bakgrunn i rammeplanen (2011) skal barnehagen greie ut ein årsplan. Vidare skal kvar avdeling bruke årsplanen som utgangspunkt når dei skal lage periodeplan, dagsplan og aktivitetsplan som

passar for den barnegruppa dei har (Osnes m.fl,2015:45). Til dømes kan det ein måned i årsplanen stå at kvar avdeling skal jobbe med kunnskapsområdet Kropp, bevegelse, mat og helse (Kunnskapsdepartementet,2017:49). Då kan målet i den perioden vere å styrke barna si motoriske utvikling. Vidare blir det opp til kvar enkelt avdeling korleis dei vil legge til rette for det.

Å reise ut i naturen kan vere eit døme på kva du kan planlegge til ein turdag. Eit forslag på kva ein gjere kan vere å klatre i tre. Klatring vil kunne utfordre heile barnet, både fysisk og psykisk. Barna får testa ut sine eigne grenser, og vurdere grensene sine opp mot evner. Klatring stiller krav til barna sin koordinasjon, styrke og bevegelsar (Lundhaug og Neegard,2013:148).

Val av naturen som miljø for klatring kan vere at naturen ikkje krev utstyr, og er ein naturleg aktivitet for barna å drive med. Lundhaug og Neegard (2013) nemner at klatring kan skje på små og store steinar, skrentar, i tre og busker. Så vil det vere opp til kvar enkelt pedagog å finne det best mogleg området i naturen for barnegruppa (Lundhaug & Neegard,2013:148).

Rammeplanen gjev føringar på kva som skal vere i årsplanen. Gjennom årsplanen er det opp til kvar avdeling korleis dei vil strukturere barnehagekvardagen. Når det gjeld korleis dagsrytma i barnehagen er; virkar det litt meir tilfeldig. Pålerud (2013) seie at det er vanskeleg for barnehagetilsette å sei kvifor dei gjer som dei gjer. Barnehagar har samlingsstunder, formingsaktivitetar og andre rutinar som dei ikkje klarer å setje heilt ord på. Det viser seg at mange av rutinane i barnehagen går i arv. Der er ofte innarbeidd ein kultur om kva som skal gjerast (Pålerud,2013:74).

Når vi ser på fagområda i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet,2013:35) syner eg til ei undersøking for å vise kva fokus kropp, bevegelse og helse har i barnehagekvardagen. På nettsida barnehage.no har Frode Antonsen (2015) skreve ein artikkel om korleis barnehagar prioriterer dei ulike fagområda i rammeplanen. I rammeplanen er det sju fagområder, blant anna Kropp, bevegelse og helse. Undersøkinga viser at kropp, bevegelse og helse blir prioritert nest høgast med 67% (Frode Antonsen,2015).

2.4 Korleis motivere barnet til motorisk utvikling?

For å utvikle barna sin motoriske utvikling, har den vaksne eit ansvar for å legge til rette for aktivitetar som er tilpassa barna sine ferdigheiter (Moen, Jacobsen, Davidsen, Sivertesen & Landsem, 2007:93). Barn vil få større behov for å meistre aktivitetar som dei held på med, etterkvart som kroppskontroll og bevegelegheit aukar (Moen & Jacobsen,2007:93). Manglande motivasjon vil vere noko som vi vaksne må vere forberedt på hos barna. Manglande motivasjon kan vere ein direkte årsak til at meistring av motorisk aktivitet vert fråverande (Moen & Jacobsen,2007:96).

Flyt er eit omgrep som blir brukt når ein forklarar indre motivasjon. Når ein forklarar indre motivasjon så er det med at barn eller vaksne er heilt oppslukt av eigen aktivitet, har full kontroll og ikkje kan sanse tid eller stad (Csikszentmihalyi,1990 i Osnes m.fl,2015:153).

Osnes m.fl (2015) refererer til psykologen Csikszentmihalyi(1990) sin flytsonemodell, når dei fortel om viktigeita av motivasjon for å kunne utvikle ein ferdigheit, til dømes ei motorisk handling som å gå opp ein bratt bakke. For å oppnå flyt i ein aktivitet så er det viktig at utfordring og eigenskap samsvarer med kvarandre. Om eit barn får ei for lett oppgåve i høve til sin eigenskap, vil det bli keisamt. Eller dersom barnet får ei for vanskeleg oppgåve knytt til sin eigenskap vil det medføre usikkerheit (Csikszentmihalyi,1990 i Osnes m.fl,2015:153). Den vaksne må leggje til rette for ei utfordring som samsvarer med barnet sin kompetanse for at barnet skal kome i flytsona (Osnes m.fl,2015:153).

2.5 Vaksen deltaking i barnas leik

Oppgåva til ein pedagog i barnehagen er følgjande: *” Lærerprofesjonens oppgave handler om å VILLE på vegne av barna, SE alle, snakke MED, BEKREFTE og BERIKE barnas hverdag slik at hvert enkelt barn opplever en meningsfull hverdag der de mestrer ulike ting hver eneste dag”* (Kunnskapsdepartementet,2013:94).

Som vaksen i barna sin leik, vil det vere mange forskjellige måtar å opptre på. Personalet i barnehagen si oppgåve er å “Være aktive og tilstedeværende, støtte og utfordre barna til variert kroppslig lek og anerkjenne barnets mestring” (Kunnskapsdepartementet,2017:50).

Wood, McMahan og Cranstoun(1980) diskuterte ulike roller som dei vaksne har i leiken til barna. Dei delte rollene inn i fire forskjellige kategoriar ”parallel player, playmate or co-player, play tutor, and spokesman for reality” (Wood,McMahon og Cranstoun,1980:130).

I boka til Osnes m.fl (2015) så har dei modernisert kategoriane og laga ei ekstra rolle, tilskodar. Dei ulike kategoriane er leikekamerat, leikerettleiar, tilskodar, parallell-leiker og igangsetjar.

Den første rolla som blir tatt opp er leikekamerat. Der deltek den vaksne på barna sine premissar og er ein fullverdig deltakar i leiken. Ein møter barna sine innspel og rådgjev på best mogleg måte. Den vaksne og barnet er likeverdige leikekameratar, der ingen av dei overkøyrer kvarandre (Osnes m.fl,2015:38).

Rettleiar er rolle nummer to. Her er oppgåva til den vaksne å hjelpe barn som fell ut av leiken og hjelpe det barnet inn i leiken igjen. Som vaksen er det viktig å vurdere leikesituasjonen og hjelpe barnet inn i leiken utan å avbryte ein god leik (Osnes m.fl,2015:38-39).

Rolle nummer tre er viktig med tanke på observasjon av barna. Når den vaksne har ein tilskodarposisjon, så vil det vere lettare å følge med på barna sin motorikk og leikeferdigheiter. Noko

som ein kan observere kan vere at ein ser eit barn som ikkje har kome langt nok i sin motoriske utvikling. Konsekvensen av det vil vere at barnet slit med å halde følge i leiken. Då må ein som vaksen tenke over korleis ein skal handtere den motoriske utfordringa slik at ein i ettertid kan leggje til rette for ein leik som alle kan klare å gjennomføre. Det kan vere å finne eit terreng som er variert og som kan tilpassast alle barna (Osnes m.fl,2015:39-40).

Parallell-leik er ei rolle som den vaksne har der dei er aktive og leikar ved sidan av barnet utan å vere i kontakt med barnet. Tanken bak det er å gje barnet nye idear til å utvikle sin eksisterande leik (Osnes m.fl,2015:39-40).

Den siste rolla som Osnes m.fl (2015) har forklart som ei leikerolle den vaksne har saman med barna er igangsetjaren. Ein igangsetjar kan ta eit initiativ til å leike åleine med eit barn eller med ei barnegruppe. Noko den vaksne kan gjere for å sette i gong med ein aktivitet er å begynne med ein aktivitet sjølv, også vil barna som har lyst invitere seg sjølv inn i leiken. Eller så kan ein vaksen begynne med ein leik eller aktivitet, og på bakgrunn av det kan barn starte med ein parallelleik på bakgrunn av leiken til den vaksne (Osnes m.fl,2015:39-40).

I USA vart det gjennomført ei studie der dei undersøkte viktigheita av dei vaksne sin kompetanse og deltaking i barna sin leik (Morisbak, 1986; Grindberg og Jagtøien, 1999 i Osnes m.fl,2015:44). Då vart barna testa i ein periode på 27 veker der dei hadde tilrettelagt ein leikeplass for å styrke motorisk læring. Barnegruppa vart delt inn i fire ulike grupper der tre av gruppene hadde ein vaksen til stades, og ei gruppe utan vaksen. Dei tre vaksne hadde ulik grad av kompetanse. Testen viste at i gruppene med ein vaksen med god kompetanse, styrka barnegruppa sin motoriske framgang seg. Gruppa utan ein vaksen hadde vist tilbakegang og barnegruppa hadde samla seg i rolege gruppeaktivitetar (Morisbak, 1986; Grindberg og Jagtøien, 1999 i Osnes m.fl,2015:44).

3.0 Metode

I kapittelet om metode skal eg definere kva metode er. Vidare skal eg begrunne metodevalg, intervju, utval, etiske omsyn, relevans og pålitelegheit og pilotstudie.

Dalland (2017) refererer til Vilhelm Aubert(1985) sitt synspunkt når han skal definere kva metode er og kva bruksområde det fokuserer på. "En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap" (Vilhelm Aubert,1985:196 i Dalland 2017:52).

Postholm og Jacobsen (2011) beskriver metode slik: "en måte å måle et fenomen på" (Postholm & Jacobsen,2011:42).

3.1 Metodeval

Metodeval er ein viktig prosess for informasjonen som blir henta inn. Vi har kvantitative og kvalitative metodar (Dalland,2017:52). Kvantitative vil gje oss data i form av målbare einingar; som tal og kor mange barnehagar som er friluftsbarnhagar i form av eit spørjeskjema.

Kvalitativ metode tar høgde for å fange opp mening og oppleving som ein ikkje kan måle i ei undersøkning. Ved kvalitativ metode brukar ein observasjon eller intervju som verktøy (Dalland,2017:52).

Eg har brukt intervju som ein kvalitativ metode når eg har henta inn data. I praksisperioden min nytta eg meg av besøksintervju, det vil seie "intervju som utføres ansikt til ansikt, oftest ved at intervjueren besøker respondenten "(Ringdal,2013:122).

3.2 Intervju

Ringdal (2013) omtalar omgrepet intervju som "En samtale med et formål" (Ringdal,2013:122).

Eg har valt å ha eit ope intervju, det er ei samtale mellom intervjuar og den som blir intervjuet som er lite strukturert (Jacobsen,2010:86). Det opne intervjuet føregår mellom to personar, aller helst ansikt til ansikt. Her vil det vere ein dialog mellom partane. Intervjuar brukar lydopptak for å sikre informasjonen som kjem fram i intervjuet. Når ein vel ope intervju som metode er det ein tidkrevjande prosess der det går utover antall intervjuar som kan gjennomførast. Det vil vere vanskeleg å handtere datainnsamlinga om ein har for mykje informasjon (Jacobsen,2010:88). Å ha individuelt intervju passar godt når det skal leggast fram personlege tankar og haldningar (Jacobsen,2010:89).

Under gjennomføringa av intervjuet har intervjuaren sin opptreden noko å sei for dynamikken i intervjuforløpet. For at det skal bli ein open informasjonsutveksling er relasjonen mellom intervjuar og intervjuobjekt viktig. Nokre grep som intervjuar kan gjere er å sei kven vi er og kva bakgrunn for intervjuet er. Kan vidare forklare kvifor intervjuet skal gjennomførast, og kva det skal brukast til.

(Jacobsen,2010:96-97). Du bør innta ein lyttande posisjon der du høyrer godt etter kva intervjuobjektet snakkar om, og det er viktig å tenke over å ikkje avbryte når intervjuobjekt snakkar. Det kan øydelegge flyten i intervjuet (Jacobsen,2010:98).

3.3 Utval.

Eg har valt å intervju to pedagogiske leiarar i to ulike barnehagar. Begge dei pedagogiske leiarane kjem frå ein tradisjonell barnehage. Eg valde respondentar der den eine jobbar på ei tradisjonell avdeling, medan den andre respondenten jobbar på ei friluftsavdeling i ein tradisjonell barnehage. Eg vil finne ut kva forskjell det er mellom ei tradisjonell avdeling og ei friluftsavdeling. Kva tenkjer dei ulike respondentane om motorikk, kva gjer personalet for å planlegge motorikk og korleis er vaksenrolla i leiken?

Eit tiltak eg har gjort for å halde på anonymiseringa frå intervjuet er å bruke namna "Respondent 1" og "Respondent 2".

Respondent 1 beskriv i intervjuet barnehagen som ei friluftsavdeling. Her er dei eldste barna i barnehagen på friluftsavdelinga. Dei er ute heile dagen, men har eit utehus som dei kan nytte når dei skal ete. Elles nyttar friluftsavdelinga ofte naturleikeplassar som dei har i nærleiken av barnehagen. Barnehagen ligg rett ved skogkanten, friluftsavdelinga nyttar mykje tid i skogen som ligg ved barnehagen.

Respondent 2 kalla barnehagen for ein tradisjonell barnehage. Uteområdet deira er stort og variert og nært skog og vatn. Barnehagen brukar stort sett tida før lunsj inne og så går dei ut etter at barna har hatt kvilestund. Etter kviletida er barna ute, gjerne heilt til barnehagen stenger.

Respondent 1 er 56 år, og vart ferdig utdanna førskulelærer i 2009. Ho har jobba i mange år som assistent før ho utdanna seg som førskulelærer. Ho har jobba på friluftsavdelinga sidan 2005, med nokon korte avbrot innimellom. På friluftsavdelinga har ho hatt rolla som pedagogisk leiar. Ho har hatt ansvar for dei eldste barna i barnehagen på friluftsavdelinga. Ho har vidareutdanning i spesialpedagogikk; ikt med barn, rettleiing og filosofi.

Respondent 2 er 60 år og vart utdanna som førskulelærer i 1979. Ho har vore innom forskjellige barnehagar. Ho har jobba aller mest som pedagogisk leiar, men har også erfaring frå å vere styrar og styrarassistent i nokre år. Ho har alltid jobba i tradisjonelle barnehagar og har vidareutdanning som rettleiar og innan ikt. Dei siste åra har ho jobba som pedagogisk leiar for barn i alderen 3-4 år. Begge respondentane har jobba i over 12 år samanhengande i same barnehage. Respondent 1 har hatt barnegruppe der barna er frå 4 år og oppover, medan respondent 2 har hatt ei barnegruppe på

3-5 år. Respondent 1 har ei barnegruppe på 20 barn fordelt på 4 vaksne, medan respondent 2 har ei barnegruppe på 16 barn på 3 vaksne.

På bakgrunn av informasjonen til respondentane virka det som dei har adekvat erfaring for å vere respondentar til intervjuet.

3.4 Etske omsyn

I høve til intervjuet så skal eg anonymisere intervjuet for å beskytte respondentane. Eg skal ikkje avsløre deira involvering i arbeidet mitt. Lyddopptaka vil bli øydelagt etter eg har fått transkribert intervjuet. Før intervjuet sende eg ei samtykkeerklæring, der eg fortalde korleis intervjuet skulle gå føre seg og kva eg skulle nytte informasjonen til (Dalland,2017:239).

3.5 Relevans og pålitelegheit

Pålitelegheit kan forklarast slik: "Går på om gjentatte målinger med samme måleinstrument gir samme resultat" (Ringdal,2013:101). Når eg intervjuar to personar, så må eg ta høgde for at det er to pedagogiske leiarar sine egne meiningar. Informasjonen ein får frå intervjuet må ein knytte opp mot teori for å sjekke om den er påliteleg.

Eit viktig krav når du skal hente inn data til ei bacheloroppgåve er at informasjonen må vere relevant for problemstillinga som er valt. Det er viktig å vere kritisk når du skal bruke informasjonen som du har henta inn. Det er viktig å stille gode spørsmål for å få nytte datainnsamlinga som du har henta inn (Dalland,2017:60).

Når du bruker intervju som metode så er sjansen for at informasjonen du får er feil, til stades. Det er viktig å vere kritisk, for det kan ha skjedd missforståingar i kommunikasjonsprosessen (Dalland,2017:60).

3.6 Pilotstudie

Eit av arbeidskrava til bacheloren var at det skulle gjennomførast eit pilotstudie. Der skulle det arbeidast med å finne spørsmål som kunne brukast på eit intervju. For å finne ut om spørsmåla er gode, var å gjennomføre eit testintervju(Jacobsen,2010:180). Eg testa spørsmåla mine på ein medstudent og rettleiar. Det gjor eg for å finne ut kva spørsmål som var gode og kunne brukast i ein intervjuguide. Det eg arbeida vidare med frå pilotstudie til ferdig intervjuguide var å systematiserte spørsmåla i ulike kategoriar og skrive det inn i ein tabell sånn at det vart meir oversiktleg.

4.0 Empiri

I dette kapitlet vil resultatene og innholdet i intervjuene bli presentert. Kategorier som er brukt i intervjuguiden er med å gi resultatkapitlet en oppbygging som er naturlig i forhold til temaet i oppgaven. Svarene er ikke kronologisk oppført etter intervjuet, ettersom noen av temaene overlapper kvarandre. Derfor er svarene fordelt innenfor de kategoriene som gir mest relevans.

4.1 Motorikk

Her spurte jeg hva de legger i begrepet motorikk? *Begge respondenter var enige i at motorikken er bevegelsene der en bruker kroppen som reiskap.*

Respondent 1 svarte at motorikk er bevegelse av kroppen vår. Hvis du bruker fotballpark som et eksempel, så er det en motorisk ferdighet, men at du kan spise den motoriske egenskapen.

Respondent 2 svarte at en bruker de daglige bevegelsene, som å gå, springe, hoppe, rulle og krype. Det å bruke hele kroppen. Du bruker hele kroppen når du orienterer deg i terrenget. Det samme er når barna leiker, så bruker de hele kroppen. De springer, hopper, snur seg rundt osv.

4.2 Miljø for motorisk aktivitet

Hva tenker de er den beste arenaen for motorisk aktivitet? *Begge respondenter tenker at naturen er den beste arenaen for motorisk aktivitet. Begge respondenter peker på den fysiske aktiviteten en får i naturen.*

Respondent 1 mente at skog og mark er den beste arenaen for motorisk aktivitet. Der kan det tilpasset hvert enkelt barn sitt motoriske utgangspunkt. Respondent 1 trekker fram meistringsskjensla barna får av aktivitet i skogen. Et eksempel kan være en bratt bakke i skogen. Du kan ha et barn som har kommet langt i sin motoriske utvikling, og ett som ikke har kommet så langt enda. Da kan du som voksen legge til rette ved at barnet som er kommet langt i utviklingen går opp den bratte vegen, medan barnet som ikke har kommet så langt i utviklingen enda går opp vegen ved siden av. Begge to kjem seg opp, begge to har utfordret seg selv og begge to har fått motorisk trening.

Respondent 2 svarte at naturen er en ypperlig plass. I vår barnehage så har vi både natur innenfor og utenfor barnehagegjerdet. I naturen så får du brukt kroppen så variert. Du vil møte på ujevnt terreng, tre som du kan klatre i, og rulle. Nylig registrerte respondent 2 når barnegruppa var ute på tur, at barna fant en bakke som de kunne rulle ned. Det gjør at musklene veks og barna får bedre ferdigheter uten å tenke over det.

Når barna har det kjekt og opplever nye ting, så vil de være fysisk aktive. Det kan de gjøre gjennom rolleleik som de liker å leike i naturen.

Respondent 2 sa at inne så kan vi lage en løype eller en tunnel. Et hus som vi må smyge inn, eller klatre over en bru. Ho tenker det er viktig å være kreativ i det miljøet som barnegruppa er i.

Korleis er uteområdet tilrettelagt for motorisk aktivitet? *Begge respondentane trakk fram skogen i barnehagen sitt uteområde som ypperleg for motorisk aktivitet.*

Respondent 1 svarte at barnehagen deira er veldig godt tilrettelagt for motorisk aktivitet.

Barnehagen ligg heilt i skogkanten og er tilgjengeleg for bruk. Det er kun dei eldste barna i barnehagen som får lov å bruke det p.g.a sikkerheit. For resten av barnehagebarna er det som respondent 1 kalla for drømmearena for motorisk aktivitet, avgrensa til ein asfaltert plass med matte og ein leikeplass.

Respondent 2 svarte at dei har eit supert område for motorisk aktivitet i uteområdet til barnehagen. Det er eit variert og kupert terreng. Dei har egentlig ein skog inne i barnehagen sitt uteområde, så barnehagen har eit stort område tilgjengeleg for barna.

4.3 Planlegging

Korleis føregår planlegging av motorisk aktivitet på avdelinga? *Begge respondentane planlegg turar, men i ulik grad. Respondent 1 har eit ekstra fokus på planlegging i forhold til respondent 2.*

Respondent 1 svarte at dei planlegger didaktisk turane dei går på. Dei planlegger didaktisk om kva dei skal gjere. Når dei planlegger så planlegger dei for heile kroppen. Dei observerer barna for å sjå kva dei treng. Eit døme som respondent 1 hadde høyrte var at nokon hadde sagt at barna er så dårlege til å gå, så det er ikkje vits i å gå på tur. Respondent 1 meinte at dersom barna er dårleg til å gå på tur, så må ein gå oftare på tur for å trene det. Du treng ikkje gå på lengre turar, men du må gå oftare på tur.

Respondent 2 svarte at det blir planlagt når dei skal på turdag, men ikkje nødvendigvis kvifor dei skal på tur. Dei har ikkje noko ekstra fokus på motorikk når dei planlegger turdag. Respondent 2 er veldig opptatt av barna sin medverknad. Dei brukar barna sitt initiativ når barnehagen går på tur.

Eit døme er viss barna går over ei flatmark som kan vere kjedeleg å gå på, så seier respondent 2 første mann over, ho pleier å vere impulsiv og ser kva barna synest er kjekt når dei er i naturen.

Respondent 2 brukar tid i etterkant på å reflektere over kva barna syntest var kjekt og kva som kunne vore kjekt å gjere til neste gong.

Respondent 2 seier dei planlegger nokre grovmotoriske aktivitetar, men seier at barnehagen har eit forbettringspotensial der. Respondent 2 seier at avdelinga har eit ekstra fokus på kunnskapsområdet språk, tekst og kommunikasjon.

Annankvar fredag så har dei eldste barna på avdelinga gymtid, men det er det ein annan pedagog på avdelinga som planlegger.

Arbeider dykk med fysisk/motorisk aktivitet knytt til årsplanen? *Begge respondentane nyttar årsplanen som utgangspunkt for planlegging, men i ulik grad. Respondent 1 brukar årsplanen aktivt i*

vekeplanar og periodeplanar, medan respondent 2 seier dei brukar årsplanen til ein viss grad i planlegging.

Respondent 1 seier at barnehagen har fokus på helse. Noko av det dei fokuserer på avdelinga frå årsplanen er fokus på fysisk aktivitet og godt kosthald. Respondent 1 meiner at fysisk aktivitet sørger for betre psykisk helse, at ein får vere aktiv ute. Å vere fysisk aktiv er førebyggjande for å kunne få ei god psykisk helse. Respondent 1 seier at avdelinga ofte nyttar naturen som leikeplass med bakgrunn i dette. Vidare så oppfordrar respondent 1 foreldra til å vere i fysisk aktivitet saman med barna også på fritida heime.

Respondent 2 seier at dei no har fokus på naturen som fokusområde frå årsplanen. Respondent 2 seier vidare at dei held på å lage ein ny årsplan med tanke på den nye rammeplanen som kom ut i 2017. Respondent 2 seier at dei brukar årsplanen som utgangspunkt, men at dei ikkje brukar rammeplanen fast når dei planlegger aktivitetar frå veke til veke. Dei nyttar heller barna sin medverknad og ser kva dei interesserer seg for.

4.4 Vaksenrolla

Kor mykje involverer du deg sjølv i leiken? *Begge respondentane er aktive i leiken, men begge er aktive på barna sine premissar. Respondent 1 vektlegger mykje kor viktig gode haldningar til dei vaksne er, medan respondent 2 har ekstra fokus på å observere barna.*

Respondent 1 meiner at vaksne i barnehagen skal vere ein god rollemodell, og tar fram eit døme viss vi vaksne berre står i ro så vil jo barna også gjere det. For barna vil jo gjere det same som oss vaksne. Dei vert påverka av korleis vi oppfører oss, både når det gjeld aktivitet og haldningar. Respondent 1 trekker fram eit døme om haldningar som er uhørt. Vi vaksne kan tenkje kva vi vil når det regnar, men vi treng absolutt ikkje seie noko om det til barna. Viss barn får negative holdningar til regn, så vil dei ikkje gå tur på dersom det regnar. Det kan då vere ein konsekvens av dei vaksne sine haldningar. Respondent 1 har mest fokus på å rettleie barn ute i leiken, og er ikkje så aktiv i viltre leikar t.d. Respondent 2 deltek i leiken viss ho vert invitert, og deltek viss nokon treng hjelp. Ellers brukar ho tida på å observere. Startar opp leikar viss det trengs, eller bygger vidare på noko som interesserer barna. Ho er ikkje veldig aktiv i den viltre leiken, men prøver å legge til rette for leik både ute og inne. Det er litt meir avgrensa moglegheiter for motorisk aktivitet inne, men dei lagar til dømes hus som dei kan klatre og smyge i og over.

5.0 Drøfting

Drøftingsdelen i denne oppgåva inneheld ei utredning av resultatkapittelet. Det vil bli synleggjort gjennom henvisningar til teorikapittelet. Drøftingsdelen vil bli inndelt i ulike kategoriar, sjølv om noko av innhaldet vil vere flytande. Ulikskap og likskap mellom respondentane vil bli sett utifrå utsegn og teori.

5.1 Motorikk

Begge respondentane vise forståing for kva motorikk er, og kva slags bevegelsar som er ein motorisk handling, det samsvarer med definisjonen til Sigmundsson og Pedersen(2000).

Det at pedagogane har forståing for kva det betyr viser at dei sit på ein kompetanse om motorikk. For at barnehagen skal arbeide med motorikk er det viktig at dei veit kva det går ut på. Respondent 2 nemnde at når barna leikar då brukar dei ofte heile kroppen. Då er det viktig at personalet i barnehagen legg til rette for at barna får moglegheit til å vere aktive. Osnes m.fl (2015) påpeika at inneområdet i barnehagen kunne vere avgrensande med tanke på plassmoglegheit med tanke på at barn kan vere fysisk aktive. For å skape eit stimulerande motorisk leikemiljø inne er det viktig at personalet set i gong aktivitetar der barna kan vere fysisk aktive inne og. Det er i samråd med rolla igangsetjar som Osnes m.fl (2015) beskriv. Respondent 2 hadde eit døme der ho la til rette med å lage ein tunnel som barna kunne klatre igjennom inne.

5.2 Kvifor er miljø viktig for motorisk utvikling?

Tenk deg at du er pedagog i ein storby, der det er langt til skog og natur, og der du har eit plant terreng i uteområdet til barnehagen. Konsekvensen er at det kan hindre moglegheitene til motorisk læring. Eg stilte eit spørsmål om kva slags miljø pedagogane meinte er best for motorisk utvikling. Begge respondentane var einige i at naturen eller skogen er den beste miljøet for barn si motoriske utvikling. Begge respondentane kom med døme som skildra kvifor dei syntest naturen er viktig for barn si motoriske utvikling.

Eit døme som respondent 1 trekte fram var meistringskjensla barn får av aktivitet i skogen. Eg vel å gå i djupna i det dømet fordi eg tenkjer det er viktig å syne viktigheita av å leggje til rette for kvart enkelt barn for å styrke deira indre motivasjon. Viss barna har det kjekt med det dei drive på med vil det auke lysta til å fortsette.

Eit tilfelle som respondent 1 hadde erfart, var i skogen der det var ein bratt bakke. Der har du eitt barn som har kome langt i sin motoriske utvikling, og eitt som ikkje har kome så langt endå. Då kan du som vaksen leggje til rette ved at barnet som er kome langt i utviklinga går opp den bratte vegen, medan det som ikkje har kome så langt i utviklinga endå går opp vegen ved sidan av. Begge to kjem

seg opp, begge to har utfordra seg sjølv og begge to har fått motorisk trening. Då vel eg å syne til flytsonemodellen til Csikszentmihalyi(1990). Sjå kapittel 2.4.

For å oppnå flyt i ein aktivitet så er det viktig at utfordring og eigenskap samsvarer med kvarandre. I dette tilfellet vel respondent 1 å legge til rette for begge to. Dersom dei begge to skulle ha gått opp same veg, ville det enda med at eine barnet opplevde glede og meistringskjensle, medan det andre barnet som ikkje klarte å gå opp den same vegen, ville fått ei for vanskeleg oppgåve knytt til sin eigenskap som ville medført usikkerheit. Moen og Jacobsen (2007) peika på manglande motivasjon til vidare utvikling og utforsking som konsekvens om utfordringa til barnet vert for stor. Motivasjon kan vere ei direkte årsak til at meistring av motorisk aktivitet vert fråverande (Moen & Jacobsen,2007:96).

Respondent 2 påpeika at om barn har det kjekt og opplever nye ting, vil dei vere fysisk aktive. Dei vil då oppleve ei meistringskjensle. Respondent 2 opplevde nyleg då dei var på tur, så fann barna ein bakke som dei kunne rulle ned. Når barna har det kjekt, vil dei gjere det igjen og igjen, noko som bidreg til at barna får mykje motorisk øving. Respondent 2 påpeikte vidare at når barn har det kjekt, så veks musklane og dei får betre ferdigheiter utan å tenkje over det.

5.3 Planlegging i barnehagen

Når det gjeld planlegging til motoriske aktivitetar var det litt sprik med tanke på kor mykje tid som vart sett av til planlegging. Det tenkjer eg kan vere mangel på tid. I rammeplanen (2017) er det seks andre kunnskapsområde som skal planleggast. Sjølv om forskinga til Antonsen (2015) viser at kropp, bevegelse og helse blir prioritert nest høgast, kan det vere individuelle forskjellar mellom pedagogar. Ut ifrå intervjuet som eg har gjennomført virka det som det var litt forskjell på korleis dei prioriterte det kunnskapsområdet. Det kunne virke som at respondent 1 hadde meir fokus på kunnskapsområdet enn respondent 2 som sa avdelinga deira hadde eit stort fokus på språk. Det kan ha ein naturleg forklaring sidan respondent 1 jobbar på ei friluftsavdeling.

Begge respondentane svarte at dei planla turane dei skulle på, men i ulik grad. Respondent 1 svarte at dei planla didaktisk alle turane dei gjekk på. Dei fokuserte på heile kroppen når det skulle leggast opp ein aktivitet og dei såg på kva barna trengde å utvikle seg i. Dette er i samråd med kva Lundhaug og Neegaard(2013) syner til. Dei tenkjer at når det blir planlagt ein aktivitet så meiner dei at ein bør stimulere heile kroppen.

Respondent 2 opplyste at det ikkje vart planlagt noko eksakt om kva som skulle skje på turdagane, men at barna sine ynskje vart tatt på alvor. Barn sin medverknad står i FN sin barnekonvensjon (Kunnskapsdepartementet,2017:27). Den handlar om at barna skal få lov å ytre sine meiningar, og at pedagogen skal sjå kva som interesserer barnet, og planlegge kva som skal gjerast utifrå det.

Respondent 2 påpeika vidare at impuls vert mykje brukt når barnegruppa er på tur. Eit døme som

respondent 2 kjem med er om dei er på ei flatmark som kan vere kjedeleg å gå. Kan respondent 2 seie første mann over. Då vil barna både få brukt heile kroppen sin til å springe, noko som vil auke deira motoriske ferdigheit.

Begge respondentane har fokus på at barna skal få brukt heile kroppen når dei er på tur. Respondent 1 planlegg meir didaktisk kva dei skal gjennomføre, medan respondent 2 er meir impulsiv og legg barna sin medverknad til grunn for kva som blir gjort. Forskjellen i planlegginga tenker eg at kan ha noko med kva avdelinga har som fokusområde. Respondent 1 brukar mykje tid på å planlegge kva rolle dei skal ha i barna sin leik, for studien eg beskrev i frå USA viste at ein aktiv vaksen er viktig for motorisk aktivitet hos barna. Det viser seg at miljøet barna har rundt seg er viktig for å utvikle motorikken. Eg vil ta fram naturen som døme, der finn ein uendelige moglegheiter som det å klatre i tre eller ein stein, springe i ulendt terreng og så vidare. Når barnehagen reiser ut i naturen er det viktig at personalet planlegg motoriske aktivitetar, for naturen er ein ypperleg plass for å gjennomføre det. Når du planlegg er det viktig å kjenne området du skal besøke, kva barna likar å gjere og kva motoriske ferdigheiter dei må utvikle. Indre motivasjon er viktig for barna for lysten til å gjennomføre ein aktivitet, eller gå opp ein bakke som bratt. Her må vaksne vere gode rettleiarar og motivere barna til å gjennomføre det dei prøver på. For å utvikle seg motorisk treng ein mykje læring, og det får ein av å gjere det mange nok gongar. Respondent 1 brukar mykje tid på å planlegge kva som skal gjerast på tur og kvifor dei skal gjere det, medan respondent 2 ser mest på barna sine interesser og bygger vidare på det.

Grunnen til at det kan vere sånn kan ha noko med avsett tid til planlegging, og kor mykje dei sett seg inn i kva som skal gjennomførast. Det kan vere vanskeleg å setje ord på kva barnegruppa skal gjere viss du ikkje har laga ein god didaktisk plan. Respondent 2 seier at barna er glade i rolleleik. I aktive rolleleikar brukar barn heile kroppen, noko som vil sei at dei er motoriske aktive som samsvarer med definisjonen til Sigmundsson og Pedersen (2000) om motorikk. Når barna driv med ein rolleleik i naturen der dei har det kjekt kan dei få god motorisk læring og utvikling gjennom det, utan at pedagogen har laga ein didaktisk plan for kva som skal gjennomførast.

Forskjellen på tidsbruk til kunnskapsområdet kropp, bevegelse, mat og helse (2017) har utifrå det eg har erfart gjennom intervjuet vore ganske stor. Respondent 1 har ein ganske tydeleg mal på korleis aktivitetar og utflukter skal gjennomførast i høve til kva barna treng av motorisk læring og utvikling, medan respondent 2 i mindre grad planlegg didaktisk kva som skal gjennomførast, men heller høyrer på kva barna vil. Det at respondent 2 har mest fokus på kunnskapsområdet språk, tekst og kommunikasjon (2017) kan verke som går utover planlegginga av motoriske aktivitetar, og som respondent 2 seie heller er impulsiv til å legge til rette for motoriske aktivitetar når dei er i naturen.

5.4 Syn på vaksenrolla i høve til motorisk læring og utvikling

Begge respondentane er engasjerte i barna sin leik. Respondent 1 trekker fram den vaksne si betydning om å vere gode rollemodellar for barna. Respondent 1 beskriv seg sjølv som ein rettleiar i barna sin leik. Det er i tråd med det Osnes m.fl (2015) beskreib som ein av rollene som ho hadde modernisert i høve til Wood, McMahon og Cranstoun (1980) sine kategoriar ein vaksen kunne ha i barna sin leik. I rolla som rettleiar i barna sin leik er oppgåva til den vaksne å syne døme og hjelpe dei vidare om dei treng hjelp. Det å rettleie barn sin leik er ei viktig rolle med tanke på dynamikken i barna sin leik. Her kan den vaksne vere føre var, og om det oppstår ueinigheiter i leikegruppa kan den vaksne hjelpe gruppa sin leik på rett spor igjen.

Det er viktig å ha engasjerte vaksne i barn sin leik, ettersom barn har kome ulikt i sin motoriske utvikling. Nokre barn treng at ein vaksen hjelper dei i ein leikesituasjon eller når dei til dømes skal klatre i ein klatrevegg for at dei skal meistre oppgåva. Noko viktig respondent 1 påpeika var viktig i barna sin leik var dei vaksne si haldning. Gode haldningar hos vaksne er noko eg tenkjer er veldig viktig i barnehagen med tanke på korleis den vaksne oppfører seg, mange barn vil kopiere det dei vaksne gjer. Eit døme respondent 1 kom med var dersom dei var på tur, og det plutselig kom eit kraftig regnskyll, så kunne dei vaksne istadenfor å klage over regnet som kom, heller finne ein plass der dei kunne søke ly for regnet, utan å klage over at det regna. Det tenkjer eg var ein fin måte å løyse den situasjonen på. Dersom dei vaksne hadde klaga over regnet som kom, kunne ein risikert å ha øydelagt barna sin motivasjon og glede over å vere på tur. Eg vel å syne til Csikszentmihalyi(1990) sin flytsonemodell i dette dømet. Når ein ser på turen som ein aktivitet, vil regnet vere ei utfordring. Når utfordringa i dette dømet er at det regna mykje. Kan det føre til at barn kjedar seg og ikkje har lyst å fortsette på turen. Då kan eit grep vere som respondent 1 gjorde, å finne ein plass der dei kunne søke ly for regnet. Når regnet lettar kan avdelinga fortsette turen, og med grepet som respondent 1 gjorde kunne barna fortsette turen med fortsatt god motivasjon og glede over å vere på tur.

Respondent 2 forklarte at ho brukte mykje tid på å observere kva barna trengde. Dette er i tråd med ei av rollene som Osnes m.fl (2015) beskriver. Når ein har ei observasjonsrolle så kan den vaksne vurdere kva barnet treng å lære motorisk. Utifrå det kan den vaksne gjere seg opp ein meining om kva barnet treng. Til dømes om barnet fell ut av den viltre leiken grunna at barnet slit med å henge med i dynamikken i leiken.

Studien frå USA som eg beskrive i kapittel 2.5 syne at vaksne kan vere aktive leikekameratar på barn sine premisser, det tenkjer eg kan styrke barn sin motivasjon til å vere fysisk aktive noko som vil fremje motorisk læring og utvikling. Begge respondentane svarte at dei ikkje var særleg aktive leikekameratar. Noko som ikkje er ideelt med tanke på at barn var mest aktive når dei hadde ein aktiv vaksen i leiken. Om dei vaksne har alt for stort fokus på å observere kva barnet treng av

motorisk læring, vil det ta mykje av tida der dei kunne vore aktive leikekameratar. Og som studien viste hadde barnet fleire rolege gruppeaktivitetar når det ikkje var ein vaksen med i leiken.

6.0 Avslutning

Korleis pedagogar legg til rette for motorisk utvikling og læring vil nok alltid ha individuelle forskjellar. Inntrykket som eg sit med etter empiri og drøfting er at dei eg har intervjuet på mange område har same syn, når det gjeld kva rolle den vaksne skal ha i barna sin leik og kva miljø som gir gode motoriske utfordringar. Den største forskjellen mellom friluftspedagogen og den tradisjonelle pedagogen er fokuset på planlegging til motoriske aktivitetar.

Det vil vere vanskeleg å få alle pedagogar til å jobbe likt, for dei ulike barnehagane har ulike visjonar og mål i årsplanen som dei arbeider etter. Uansett kvar du jobbar er det viktig å reflektere over barna sin motoriske utvikling. Kva treng dei, og korleis kan du leggje til rette for det? Du må spør deg sjølv kva rolle skal du ha i barna sin leik, for studien som eg synte til viste at ein aktiv vaksen er viktig for motorisk aktivitet hos barna. Eg vil ta fram naturen som døme, der ein kan gjennomføre motoriske aktivitetar fordi ein finn uendelige moglegheiter som det å klatre i tre eller ein stein, springe i ulendt terreng og så vidare. Når barnehagen reiser ut i naturen er det viktig at personalet planlegg motoriske aktivitetar, for naturen er ein ypperleg plass for å gjennomføre det.

Vidare er indre motivasjon viktig for barna for lysten til å gjennomføre ein aktivitet, eller gå opp ein bakke som bratt. Her må vaksne vere gode rettleiar og motivere barna til å gjennomføre det dei prøve på. For å utvikle seg motorisk treng ein mykje læring, og det får ein av å gjere det mange nok gongar. Du som vaksen har ei oppgåve ved å leggje til rette for at det kan gjennomførast.

Det er viktig for pedagogar å planlegge og observere motorisk aktivitet for å vite kva barna treng av motorisk læring for å utvikle seg. For å leggje til rette for motorikk er det viktig å ha fokus på det i planleggingsfasen når du skal finne ut kva som skal gjennomførast, og reflektere over aktiviteten i etterkant. Utan god planlegging vil det vere vanskelegare å reflektere over det, og barna kan gå glipp av verdifull motorisk læring og utvikling.

6.1 Framtidsperspektiv

Det er vanskeleg å dra ein tydeleg slutning på korleis pedagogane legg til rette for motorikk. Med meir tid og ressursar kunne det vore spennande å observere kva respondentane gjorde i sitt arbeid, og kanskje fått nye innspel frå andre pedagogar.

7.0 Litteraturliste:

Antonsen, Frode (2015,05.02) Slik prioriterer barnehagene fagområdene i rammeplanen.

Barnehage.no. Henta frå <http://barnehage.no/pedagogikk/2015/02/slik-prioriterer-barnehagene-fagomradene-i-rammeplanen/>. 11.12.2017.

Dalland, Olav. (2017). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (6. utg. ed.). Oslo: Gyldendal akademisk

Falck-Pedersen, Turid., Kongstein, Casper, & Pedlex norsk skoleinformasjon. (2017). *Rammeplan for barnehagen : Innhold og oppgaver*. Oslo: Pedlex.

Fjørtoft, Ingunn. (2013). Barn og bevegelse: Læring gjennom landskap. I: E.B. H Sandseter, T. Hagen & T. Moser. *Barnas barnehage 3: Kroppslighet i barnehagen: Pedagogiske arbeid med kropp, bevegelse og helse* (s180-193). Oslo: Gyldendal akademisk.

Haugen, Tommy og Moser, Thomas (2016).Hva er motorikk? Kvikstad, I. *Motorikk i et didaktisk perspektiv*(s18-33). Oslo: Gyldendal akademisk.

Jacobsen, Dag Ingvar. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring : Innføring i metode for helse- og sosialfagene* (2. utg. ed.). Kristiansand: Høyskoleforl.

Kunnskapsdepartementet(2013). *Framtidens barnehage*. (Meld. St. 24 2012-2013)

Henta frå

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2e8ad98938b74226bc7ff395839434be/no/pdfs/stm201220130024000dddpdfs.pdf>

Kunnskapsdepartementet(2013). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver bokmål*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/reg/2006/0001/ddd/pdfv/282023-rammeplanen.pdf>

Lundhaug, Thorbjørn., & Neegaard, Henrik. (2013). *Friluftsliv og uteliv i barnehagen* (Natur, helse og bevegelse). Oslo: Cappelen Damm akademisk.

Moen, Ellen., Landsem, Inger., Davidsen, Stein., Sivertsen, Arve., & Jacobsen, Kjersti. (2007). Skritt for skritt : Fysisk fostring/kroppspøving i barnehage og grunnskole (5. rev. utg. ed.). Nesbru: Vett & viten.

Monika Haga, Leif Trana og Hermundur Sigmundsson(2016). Teoretiske perspektiver på utvikling og læring. Kvikstad, I. *Motorikk i et didaktisk perspektiv*(s36-53)

Moser, Thomas. (2013). Motorikk, utvikling og læring – en kort innføring i grunnleggende begreper og forståelser. I: E.B. H Sandseter, T. Hagen & T.Moser. *Barnas barnehage 3: Kroppslighet i barnehagen: Pedagogiske arbeid med kropp, bevegelse og helse* (s. 126-148). Oslo: Gyldendal akademisk.

Osnes, Heidi, Skaug, Hilde & Kaarby, Karen Marie (2015). *Kropp, bevegelse og helse i barnehagen* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Postholm, May Britt., & Jacobsen, Dag Ingvar. (2011). *Læreren med forskerblick: innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget

Pålerud, Turi. (2013). *Didaktikk for en demokratisk barnehage*. Bergen: Fagbokforl.

Ringdal, Kristen. (2013). *Enhet og mangfold : Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode* (3. utg. ed.). Bergen: Fagbokforl.

Sigmundsson, Hermundur., Pedersen, Arve. (2000). *Motorisk utvikling : Nyere perspektiver på barns motorikk*. Oslo: SEBU forl.

Storli, Rune. (2013). Bevegelseslek i barnehagens uteområde. I: E.B. H Sandseter, T. Hagen & T. Moser. *Barnas barnehage 3: Kroppslighet i barnehagen: Pedagogiske arbeid med kropp, bevegelse og helse* (s. 335-351). Oslo: Gyldendal akademisk.

Wood, D., McMahon, L. Og Cranstoun, Y (1980): *Working with under fives*. London: Grant Mc Intyre

8.0 Vedlegg

8.1 Intervjuguide

Innleiing	<ul style="list-style-type: none">-Presenter meg sjølv, formålet med oppgåva mi og grunnlag for oppgåva mi.-Informere om teieplikt og anonymiteten knytt til respondenten, intervjuet og barnehagen-Informere om lydopptak og samtykkeskjema
Respondents bakgrunn og barnehagen sin bakgrunn	<ul style="list-style-type: none">-Kva er din alder?-Kva utdanning og kurs har du?-Kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar, og kor lenge har du vore på den aktuelle avdeling?-Kan du beskrive barnehagen som du jobbar i?
Syn på motorikk	<ul style="list-style-type: none">-Kva legg du i omgrepet motorikk?-Kva tenker du er den beste arenaen for motorisk aktivitet?-Kva nytte trur du motorisk aktivitet føre med seg?
Tilrettelegging for motorisk aktivitet.	<ul style="list-style-type: none">-Korleis er barnehagen sitt uteområde tilrettelagt for motorisk aktivitet?-Kva utstyr har barnehagen tilgjengeleg i barnehagen sitt uteområde, inneområde eller naturområde?-Kor ofte brukar ein nærmiljøet med tanke på motorisk utvikling?
Planleggingsfasen	<ul style="list-style-type: none">-Kor mykje tid blir brukt på å planlegge motoriske aktivitetar? Eventuelt i forhold til andre typar aktivitetar.-Korleis blir motorisk aktivitet prioritert i årsplanen?-Kor ofte legge de til rette for motoriske aktivitetar, både organisert og uorganisert?
Vaksenrolla	<ul style="list-style-type: none">-Korleis involvere du deg sjølv i leiken?-Kven i personalet legg til rette for motorisk aktivitet?-Kas refleksjonar gjer personalet om barna sin motoriske utvikling?
Oppsummering	<ul style="list-style-type: none">-Er det noko du vil tilføre?

8.2 Samtykkeskjema

Hei eg heiter Joachim Hyllestad, og går på barnehagelærer i Sogndal.

I høve til arbeidet mitt til bacheloren. Så vil eg gjerne møte deg til eit intervju. Bacheloren min skal handle om kva barnehagen gjer for å legge til rette for motorisk aktivitet. Då har eg tenkt å spørje ein tradisjonell barnehage(avdeling), og ein barnehage(avdeling) som har friluftsliv som fokus.

Eg ynskjer å ta opp samtalen vår med ein lydopptaker, fordi det vil vere til stor hjelp med analyse arbeidet i etterkant.

Sjølve intervjuet vil bli anonymisert, og lydopptaket til intervjuet vil bli sletta etter at transkripsjon er gjennomført. Ingen enkeltpersonar vil kunne bli gjenkjent i sluttproduktet.

Det er eit frivillig deltaking til intervju, så du kan trekke deg om du ynskjer det.

Eg(informant) samtykkjer i at studenten får bruka lydopptakar under intervjuet.

.....

Signatur og dato

8.3 Pilotstudie

Presentere meg sjølv, mi oppgåve og grunnlag for intervju.

Fortelle kort om prosessen av etterarbeidet av intervjuet.

Sei kort om det formelle om sjølve intervjuet.

Presiser om teieplikt til analysing av intervjuet og at all data vil bli øydelagt etter ferdig transkribering.

1)Kva erfaring har du, og kva utdanning(også vidareutdanning) har du?

2)Alder, og kjønn?

3)Kor lenge har du jobba som pedagogisk leiar?

4)I kas type barnehage jobbar du i?

5)Kva legg du i begrepet motorikk?

6)Kva tenker du er den beste arenaen for motorisk aktivitet?

7)Kva nytte trur du barn har av motorisk aktivitetar?

8)Kor mykje tid brukar du på å planlegge motoriske aktivitetar kontra andre aktivitetar?

9)Kor mykje involvere du deg sjølv i den kroppslege leiken med barna?

10)Kor mykje involverer du deg sjølv?

11)Korleis er barnehagen sitt uteområde tilrettelagt for motorisk aktivitet?

12)Kor ofte nyttar barnehagen seg av det som ein finn i nærmiljøet?

13)Når eg seie utemiljø i barnehagen, kva tenker du på då?

14)Kas refleksjonar gjer personalet i motorisk utvikling på barn ute?

15)Korleis blir utvikling av motorisk aktivitet prioritert i årsplan, periodeplan og liknande?

16)Kor ofte legg de til rette for motorisk akt (både organiserte og meir uorganisert), i tillegg kor mykje tid til planlegging....

17)Kva seier rammeplan om slik aktivitet?

18)Kven legg til rette for dette? (ped leiar, assistent, andre...)

19)Kva utstyr har barnehagen tilgjengelig i barnehagen sitt uteområde, inneområde som kan brukast til motorisk aktivitet?

20)Kvar legg de til rette for slik aktivitet? (ute, inne, natur, gymsal, andre stadar) og kor ofte på dei ulike plassane/kor mykje tid brukar de på slik aktiv pr dag/pr veke

21) Er det noko du har lyst å tilføye?